



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Vår ref.: 07/1939-3

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-A10

Dato: 27.12.2007

## HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVEN

Stranda Kommune har fylgjande merknader til høyringsnotat om endringer i barnehageloven.

### 17.12.2007 FORMANNSKAPET

#### FOR-165/07 Vedtak samrøystes:

Stranda kommune gjev slik uttale til høyring om endringar i barnehagelova:

1) Rett til barnehageplass.

*Ingen merknad til framlegget frå departementet om lovfesta rett for barn som har fylt 1 år ved hovudopptak frå 2009 i ny §12.a i lov om barnehagar.*

2) Rammefinansiering.

*Stranda går imot at midlar til barnehagane vert lagt inn i rammeoverføringane og ikkje vert øymerka slik som no.*

3) Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar

*Departementet har fire framlegg, to der kommunen sjølv skal lage forskrift for kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og to der det vert sett ein prosentsats gjennom lovverk. Ein finn å kunne støtte alternativ tre i ny § 14, då denne gir lik handsaming av godkjente ikkje-kommunale barnehagar, samtidig som kommunen sjølv har større råderett i høve til å vurdere om ein skal gi støtte til nye barnehagar etter 2009.*

4) Registrering og rapportering av fødselsnummer

Barnehagane har registrerings- og rapporteringsansvar etter kontantstøtte ordningar og likningslova pr. i dag. Ein har ingen merknad til framlegget i ny §5.a, §7 og §8 i lov om barnehagar om registrering og rapportering på individnivå når desse er anonymisert.

Med vennleg helsing

*Tone Merete Lillebø*

Tone Merete Lillebø